

Sjukefråværet for tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkarar

AV LINDA HAUGE OG OLA THUNE

SAMANDRAG:

I denne artikkelen studerer me sjukefråværet til tidlegare stønadsmottakarar og arbeidssøkarar samanlikna med sjukefråværet til dei som ikkje har motteke stønad eller vore arbeidssøkar. Me har teke utgangspunkt i personar som var i arbeid både i 2002 og 2004 og følgd desse bakover i tid. Personane er gruppert etter om dei har motteke stønad/vore arbeidssøkar over ei viss tid eller ikkje i perioden 1997–2001. Gruppa som har motteke stønad/vore arbeidssøkar har me delt inn i:

- tidlegare uføre
- tidlegare rehabiliteringspengemottakarar eller yrkeshemma
- tidlegare arbeidssøkarar
- tidlegare sjukmeldte over seks månader

Me finn at tidlegare stønadsmottakarar har eit monaleg høgre sjukefråvære enn dei som ikkje har motteke stønad. Det er dei som har vore sjukmeldt i meir enn seks månader i perioden 1997–2001 som har det høgste fråværet. Skilnaden mellom dei to gruppene er størst for unge menn. Den store skilnaden i sjukefråvære mellom tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkarar og dei som ikkje har vore stønadsmottakarar/arbeidssøkar gjeld i alle næringsgrupper og sektorar.

INNLEIING

Årsaker til sjukefråværet er mange og komplekse. Mellom dei vanlegaste forklaringane er forholda på arbeidsmarknaden, utforminga av sjukelønsordninga, arbeidsmiljø og ikkje minst helsetilstanden. Me kan anta at personar som tidlegare har vore på stønad, har dårlegare helse enn personar som ikkje har vore på stønad. Me ventar derfor at desse har høgre sjukefråvære enn dei som ikkje har vore på stønad tidlegare.

To av hovudmåla i avtalen om eit inkluderande arbeidsliv er å redusere sjukefråværet og å auke yrkesdeltakinga for personar med redusert funksjonsevne. Eit inkluderande arbeidsliv, slik det er politisk semje om i Noreg, vil føre med seg at arbeidsstyrken vil innehalde ein del kronisk sjuke eller personar med redusert funksjonsevne. I denne artikkelen ser me på kor høgt sjukefråværet til tidlegare stønadsmottakarar og arbeidssøkarar er i høve til personar utan ei tidlegare trygde-/arbeidssøkarhistorie.

Me ser på alt legemeldt sjukefråvære og på sjukepengedagar erstatta av folketrygda. Vidare studerer me om det er variasjonar mellom aldersgrupper, næringsgrupper og sektorar. Til slutt skal me sjå korleis sjukefråværet endrar seg når tida som arbeidssøkar aukar.

DATAGRUNNLAG OG METODE:

Utvalet me studerer sjukefråværet til er arbeidstakarar registrert i Arbeidstakar/ arbeidsgjevarregisteret som var i arbeid både 1. kvartal 2002 og 4. kvartal 2004. Denne

gruppa har me følgd fem år bakover i tid, i perioden 1997–2001, med omsyn til tidlegare trygde- og arbeidssøkarhistorie.¹ Personar som har vore ordinære arbeidssøkarar, motteke sjukepengar, rehabiliteringspengar eller vore registrert som yrkeshemma og personar som var uføre per 1. januar 2002 omtalar me som «tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkarar» i artikkelen. Restgruppa vert omtala som «ikkje tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkarar». Korleis utvalet fordeler seg med omsyn til «tidlegare stønadsmottakarar og arbeidssøkarar» eller «ikkje stønadsmottakarar og arbeidssøkarar» i perioden 1997–2001 er vist i tabell 1:

Tabell 1:
Arbeidstakarar både 1. kv 2002 og 4. kv 2004 fordelt etter stønadstype/arbeidssøkar pr 1. kv 2002

I alt	1 413 685
Uføre	27 067
Rehabiliteringspengar, yrkeshemma	47 882
Ordinær arbeidssøkar	37 873
Sjukepengar	108 103
Ikkje tidlegare stønadsmottakar	1 192 760

KJELDE: NAV

¹ For yrkeshemma og ordinære arbeidssøkarar har me berre kopla data for 1999–2001.

Me samanliknar sjukefråværet til gruppa «tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkarar» med sjukefråværet til gruppa «ikkje tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkarar» i åra 2002–2004. Som mål på sjukefråværet har me nytta (den legemeldte) sjukefråværsprosenten og erstatta sjukepengedagar frå folketrygda.² Sjukefråværsprosenten inkluderer også legemeldt sjukefråværet i arbeidsgjevarperioden.

For å vere inkludert i gruppa ordinære arbeidssøkarar, må ein ha vore arbeidssøkar i til saman meir enn tre månader i perioden 1999–2001. Sjukepengemottakarar må ha hatt sjukepengar samanhengande i minst eit halvt år i perioden 1997–2001. Arbeidssøkarar og sjukepengemottakarar som har kortare periodar enn dette vil altså vere definert som «ikkje tidlegare stønadsmottakarar».

Mange av dei tidlegare stønadsmottakarar, har vore innoom fleire ordningar i løpet av perioden 1997–2001. Gruppene i utvalet er rangerte etter kva helsetilstand som er den dårlegaste. Til dømes er personane i gruppa «yrkeshemma» personar me ikkje har funne som mottakarar av uførepensjon eller rehabiliteringspengar. Desse har altså berre vore registrert som yrkeshemma.

For å forenkle framstillingane har me slått saman tidlegare rehabiliteringspengemottakarar, yrkeshemma i ei gruppe og ordinære arbeidssøkarar både med og utan dagpengar i ei gruppe.

UTVIKLINGA I PERIODEN 2002–2004

Det samla legemeldte sjukefråværet auka frå 2002 til 2003 frå 5,5 prosent til 6,2 prosent og gikk litt ned igjen i 2004 til 5,9 prosent. Figur 1 nedanfor viser utviklinga i sjukefråværsprosenten for dei ulike gruppene i denne perioden.

Tabell 2:

Andel som arbeider fulltid i utvalet, 1. kvartal 2002, fordelt etter ulike stønadstypar, arbeidssøkar og ikkje tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkar.³

I alt	78,70 %
Uføre	14,50 %
Rehabiliteringspengar, yrkeshemma	70,40 %
Ordinær arbeidssøkar	76,60 %
Sjukepengar	76,50 %
Ikkje tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkar	80,70 %

³ Fulltidssysselsette er her definert som arbeidstakarar som arbeider meir enn 30 timar per veke.


KJELDE: NAV

Me kan sjå at alle gruppene, bortsett frå dei uføre, har den same utviklinga i sjukefråværet. For dei uføre i utvalet har sjukefråværsprosenten auka frå 8,7 prosent til 12,3 prosent i perioden.


TIDLEGARE SJUKMELDE MEST SJUKE

Av figur 2 ser me at det er personar som har hatt sjukepengar frå folketrygda i meir enn seks månader som har den høgste sjukefråværsprosenten av alle gruppene. Sjukefråværsprosenten til denne gruppa er meir enn tre gonger så høg som for gruppa «ikkje tidlegare stønadsmottakarar». Dette kan virke overraskande sidan det er grunn til å tru at personar som t.d. har vore på rehabiliteringspengar og uførepensjon har dårlegare helse enn dei som har vore på sjukepengar. Dette kan virke overraskande sidan det er grunn til å anta at personar som til dømes har vore på rehabiliteringspengar og uførepensjon har dårlegare helse enn dei som har vore på sjukepengar.

Figur 1:
Utviklinga i sjukefråværsprosenten i perioden 2002–2004



Figur 2:
Skilnad i sjukefråværet mellom gruppene i perioden 2002–2004



² Sjukefråværsprosenten = tapte dagsverk pga sjukmelding i prosent av avtalt dagsverk i ein gitt periode.

Årsaka til at dei uføre ikkje har så høgt sjuefråvære, kan være at ein stor del av desse – om lag 75 prosent – arbeider deltid³. Deltidssyssette har generelt mindre sjuefråvær enn fulltidssyssette. Ein mogleg forklaring på det kan være at dei har tilpassa arbeidsmengda i høve til helse. Ordinære arbeidssøkarar skil seg som forventa minst ut frå gruppa «ikkje tidlegare stønadsmottakarar».

Yrkesdeltaking i utvalet

Sjuefråværet er generelt høgare blant arbeidstakarar som jobbar fulltid enn for dei som arbeider deltid. Ein kan tenke seg at personar som tidlegare har vore stønadsmottakarar i større grad arbeider deltid sidan dei gjerne har dårlegare helse. Tabell 2 viser kor stor del fulltidssyssette det er i utvalet.

Kjønn og alder


Tabellen nedanfor viser forholdstalet mellom sjuefråværsprosenten til tidlegare stønadsmottakarar/arbeidssøkarar og dei som ikkje har vore stønadsmottakarar/arbeidssøkarar. Det same gjeld for kvinner, men skilnaden mellom gruppene er mindre. Sjuefråværsprosenten er større for kvinner i alle gruppene. Årsaka til den store skilnaden for unge menn er at sjuefråværet for dei som ikkje har motteke stønad/vore arbeidssøkar er relativt lågt.

Alder:

Skilnaden mellom dei to gruppene er størst for menn i alderen 25–40 år der sjuefråværet til dei tidlegare sjukmelde er om lag 4,5 gonger så høgt. Skilnaden mellom gruppene vert mindre med aukande alder. Årsaka til dette er truleg at sjuefråværet aukar med alderen også for dei utan ein tidlegare trygdehistorie og skilnaden vert dermed mindre. Kvinner har høgare fråværsprosent i alle aldersgrupper.

³ Sjå tabell nedanfor.

Figur 3:
Forholdstal mellom sjuefråværsprosenten for «tidlegare stønadsmottakarar» og «ikkje tidlegare stønadsmottakarar» 2002–2004 etter næring.⁴



⁴ I figur 3 og figur 4 er dei som har vore ordinære arbeidssøkarar, motteke sjuepengar, rehabiliteringspengar, attføringspengar, vore registrert som yrkeshemma og uføre slått saman til ei gruppe «tidlegare stønadsmottakarar».

KJELDE: NAV

Liten variasjon mellom næringar og sektorar

Næringstilknytting ser ikkje ut til å ha særleg tyding for skilnaden mellom «tidlegare stønadsmottakarar» og «ikkje tidlegare stønadsmottakarar». Den gruppa som skil seg mest ut er menn i *forretningmessig tenesteyting og eigedomsdrift* som tidlegare har motteke/vore på rehabiliteringspengar eller vore registrert som yrkeshemma. Denne gruppa har meir enn fire gonger så høg sjuefråværsprosent. Næringsgruppa *forretningmessig teneste-*


Tabell 3:

Forholdstal mellom sjuefråværsprosenten 2002-2004 for «tidlegare stønadsmottakarar»/arbeidssøkarar og «ikkje tidlegare stønadsmottakarar» etter kjønn

I alt	Forholdstal menn	Forholdstal kvinner
Tidlegare uføre i forh. til «ikkje stønadsmottakar/arbsøkar»	2,1	2,1
Tidlegare reh, yh i forh. til «ikkje stønadsmottakar/arbsøkar»	3,2	2,5
Tidlegare arbeidssøkar i forh. til «ikkje stønadsmottakar/arbsøkar»	1,9	1,6
Tidlegare sjukmeldt i forh. til «ikkje stønadsmottakar/arbsøkar»	3,8	2,7

KJELDE: NAV

Figur 4:
Forholdstal mellom sjukefråværsprosenten for «tidlegare stønadsmottakarar» og «ikkje tidlegare stønadsmottakarar» 2002–2004 etter sektor.



Tabell 4:
Gjennomsnittleg antal sjukepengedagar betalt av folketrygda 2002–2004 for «tidlegare stønadsmottakarar» og «ikkje tidlegare stønadsmottakarar» etter tid som ordinær arbeidssøkar

I alt	57
Uføre	101
Rehabiliteringspenger, yrkeshemma	129
Ord. arbeidssøkar 0–3 mnd	59
Ord. arbeidssøkar 3–6 mnd	66
Ord. arbeidssøkar 6 mnd–1 år	73
Ord. arbeidssøkar >1 år	78
Sjukepengar > 6 mnd	163
Ikkje tidlegare stønadsmottakar/arbeidssøkar	43

KJELDE: NAV

ytting og eigedomsdrift har i utgangspunktet lågt sjukefråvære.

Det er heller ikkje tydelege skilnader mellom dei ulike sektorane. Skilnaden i sjukefråværet mellom gruppa «tidlegare stønadsmottakarar» og gruppa «ikkje tidlegare stønadsmottakarar» er minst i kommunal sektor. Årsaka til det er truleg at her er sjukefråværet relativt høgt også for «ikkje tidlegare stønadsmottakarar».

Sjukepengedagar erstatta av folketrygda

Nedanfor har me fordelt sjukepengedagar betalt av folketrygda i perioden 2002–2004 på dei to gruppene. Skilnaden mellom dei to gruppene er om lag lik om me inkluderer det legemeldte fråværet i arbeidsgjevarperioden.

Sjukefråvære og tid som arbeidssøkar

Ordinære arbeidssøkarar er gruppert etter talet på dagar som arbeidssøkar i perioden 1999 – 2001.

Gjennomsnittleg antal sjukepengedagar aukar når antal dagar som arbeidssøkar aukar. Ordinære arbeidssøkarar med mindre enn 90 dagar som arbeidssøkar er den gruppa som er nærmast gruppa ”ikkje tidlegare stønadsmottakarar” i talet på sjukepengedagar. Det er likevel relativt lågt i forhold til tidlegare uføre og tidlegare mottakarar av rehabiliteringspenger og personar som har vore yrkeshemma.

Som for sjukefråvære inkludert arbeidsgjevarperioden

er det dei tidlegare sjukmeldte som har flest sjukepengedagar, med i gjennomsnitt 163 sjukepengedagar. Deretter føl tidlegare mottakarar av rehabiliteringspenger og yrkeshemma.

AVSLUTNING

Me har i denne artikkelen samanlikna sjukefråværet til arbeidstakarar som tidlegare har vore på ei stønadsordning eller vore ordinære arbeidssøkarar. Data syner at sjukefråværet er gjennomsnittleg meir enn tre gonger så høgt for gruppene som tidlegare har vore stønadsmottakarar. Aller høgst sjukefråvære har tidlegare sjukmelde. Personar som var uføre pr 1. januar 2002 skil seg ikkje ut med å ha mykje høgare sjukefråvære. Dette heng truleg saman med at dei fleste av desse arbeider relativt lite (ca 75 prosent arbeider mindre enn 20 timar i veka).

Skilnaden mellom gruppene er størst for unge menn. Unge menn er generelt ei gruppe som har lågt sjukefråvære. At «ikkje tidlegare stønadsmottakarar» har lågt fråvær gjer at skilnaden vert større. Det er også grunn til å tru at unge menn som til dømes har motteke rehabiliteringspenger eller har vore eller er uføre har svært dårleg helse relativt til dei som ikkje har vore stønadsmottakarar.

Forholdet mellom omfanget av sjukefråvære for «tidlegare stønadsmottakarar» og «ikkje tidlegare stønadsmottakarar» er nokså jamt fordelt mellom ulike nærings- og sektorgrupper.